

Å læra å lesa, å lesa for å læra

Plan for leseopplæringa i Time kommune - Oppvekst



Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing

Å utvikla språkleg dugleik

Å kunna koda om

Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skriving



Innhald

Forord	s.3
Språk, lesing og skriving	s.4-5
Emne i leseopplæringa	s.6
Tilbod til minoritetsspråklege barn/eleva i Time kommune	s.7
Vurdering	s.8
Verktøy for å vurdere leseutviklinga og oppdaga vanskar på eit tidleg tidspunkt	s.9-10
Plan for vurdering og tiltak	s.11
Ressursar i leseopplæringa	s.12-15
<i>Tilsette i skule og barnehage</i>	s.12
<i>Pedagogisk Psykologisk Teneste</i>	s.13
<i>Foreldra</i>	s.13
<i>Bibliotek</i>	s.14
<i>Helsestasjon</i>	s.15
Førebuande leseopplæring i barnehagane	s.16-17
Leseopplæring på 1. trinn	s.18-19
Leseopplæring på 2. trinn	s.20-21
Leseopplæring på 3. trinn	s.22-23
Leseopplæring på 4. trinn	s.24-25
Leseopplæring på 5.-7. trinn	s.26-27
Leseopplæring på 8.-10. trinn	s.28-29

*"Ei god bok får meg til å gløyma tida,
eg er bare inne i boka"*

Elev i Time



Forord

Systematisk arbeid med lesing er ei viktig oppgåve for skuleeigarar, skuleleiarar, lærarar og tilsette i PPT, barnehagar og helsestasjon. Å kunna lesa er viktig for å delta i samfunnet og for å tileigna seg kunnskap. Vi møter skrift på mange ulike måtar i ulike samanhengar, og vi må ha ferdigheiter til å lesa og tolka dette mangfaldet av tekstar. Lesegleda i seg sjølv er ein verdi å fremja, og bør stimulerast så tidleg som mogleg. Samfunnsendingar fører med seg nye former for kommunikasjon. Elevar skal i dag meistra nye sjangrar og ha lesekompetanse både på papir og digitalt. Dette skaper utfordringar for leseopplæringa.

Med bakgrunn i den nasjonale strategiplanen «*Gi rom for lesing! Strategi for stimulering av leselyst og leseferdigheit 2003-2007*», blei det i 2004 laga og vedteke ein lokal handlingsplan (2004-2007) med fokus på språkutvikling, leseopplæring og lesestimulering i Time kommune. Det var ein bindande plan, som var utgangspunkt for handlingsplanar ved den enkelte eining i heile Oppvekst.

Time kommune ser behovet for å halda fram med eit systematisk arbeid med lesing, og starta våren 2008 revidering av handlingsplanen, «*Gi rom for lesing*» i Time. Gruppa er som sist sett saman av representantar frå barnehage, 1. – 4. trinn, 5. – 7. trinn og 8. – 10. trinn i grunnskulen, PPT og helsestasjon, og i tillegg utvida med ein representant frå biblioteket. Alle einingar i oppvekst og biblioteket har delteke i evalueringa av gjeldande plan, og gitt innspel på kva som kan gjerast betre i ny plan. Gruppa har arbeidd ut frå same mandat som sist; å laga ein bindande plan for tenesteområdet Oppvekst i tråd med nasjonale føringar.

Ny plan for leseopplæring i Time kommune ”Å læra å lesa, å lesa for å læra”, har tatt utgangspunkt i evalueringa av tidlegare plan, innspel frå einingane, evalueringsrapporten etter den nasjonale satsinga, ny rammeplan for barnehage, ny læreplan for grunnskule, St.meld 16 «*Tidlig innsats for livslang læring.*», samt rettleiingsmateriell som Lesesenteret i Stavanger har laga etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

”Å læra å lesa, å lesa for å læra” skal opp til politisk behandling våren 2009 og trer i kraft frå skulestart hausten 2009. Planen gjeld fram til revisjon og eventuell utarbeiding av ny plan i 2012. Det er likevel behov for å ta høgde for oppdatering undervegs ved vesentlege innspel om ny forskning, nytt materiell, m.m.

Leseopplæring er ikkje lenger bare knytt til dei tidlegare lesefaga, men skal inngå i alle fag (Jfr Kunnskapsløftet). Det er derfor viktig å påpeika at ”Å læra å lesa, å lesa for å læra” er viktig for alle lærarar, i alle fag!

”Å læra å lesa, å lesa for å læra” skal vera ein dynamisk plan, ein plan som utfordrar og krev refleksjon rundt eiga leseundervisning. Den enkelte skule og lærar må derfor stilla seg spørsmål som;

- Kva vil vi med leseopplæringa?
- Kvar er vi no?
- Kva gjer vi for å koma dit vi vil?

Det må derfor vera kultur og rom for jamleg vurdering av eige arbeid og elevane sin lesedugleik, både ved den enkelte eining og i heile organisasjonen. Slik kan rette tiltak bli sett i gang på eit tidleg tidspunkt.

Vi arbeider alle ut frå Time kommune sin visjon om ”å gjera kvarande gode”!

Språk, lesing og skriving

Språkforståing og talespråk

Språkforståing er grunnlaget for utvikling av talespråk. Dei språklege erfaringane og opplevingane barn gjer for å forstå talt språk er derfor eit viktig grunnlag for barnet si eiga språkutvikling. Dette gir grobotn for at det i barnet 'veks fram' eit behov for, og ønskje om, sjølv å vera aktivt deltakande i språkleg kommunikasjon. Slike intensjonar fører til at barnet gjer sine første talemforsøk ved å prøva å etterlikna talte ord og talespråk som det høyrer og forstår. I 4-5 års alderen har dei fleste barn fått eit ord- og omgrepssforråd og nådd eit nivå i språkforståing, talespråk og uttale som utgjer eit godt grunnlag for kommunikasjon, og for vidare læring og utvikling fram mot skulealder.

Språkleg medvit

Når eit adekvat språkleg nivå er oppnådd i 4-5 års alderen, ser vi at barnet begynner å oppdaga formsida til talte ord, den *fonologiske* identiteten til ordet. Dei blir medvitne om at ord vi snakkar er sett saman av språklydar til eit språklydmønster. Ei slik fonologisk oppdaging/medvit gjer at barnet lærer seg ulike fonologiske ferdigheiter, til eksempel riming. Dei lærer å identifisera og skilja ut delar av språklydmønsteret, som å lytta ut ord i ord, stavingar i ord og språklydar i ord. I same periode ser vi også ofte at barn rettar meir merksemd mot eigen uttale, og dei samanliknar eigen uttale med andre sin uttale. Dette kan føra til at barnet 'får på plass' det som måtte gjenstå av manglar og feil i sin uttale.

Mange barn i førskulealder blir nysgjerrige på, og interesserte i, bokstavar og skrivne ord. Nokre barn lærer seg kva bokstavane heiter (bokstavnamn), og lærer seg å gjenkjenna skrivne ord. Dette kan vera namn på personar, kjente logoar som Coca Cola, Kiwi, Esso og liknande. Herfrå vil barnet kunna bli merksam på at skrivne ord er sett saman av bokstavar til eit bokstavmønster. Denne gryande oppdaginga, medvitet og læringa som gjeld det skrivne ordet si formside, er ordet sin *ortografiske* identitet. All interesse for skrivne ord, gryande ortografisk medvit og erfaring med skriftspråklege aktivitetar er svært positivt, fordi skriftspråket er det symbolspråket ein byggjer på, når ein skal læra å lesa og skriva.

Språklege ferdigheiter og vanskar

All språkleg læring i førskulealder er svært fordelaktig med tanke på vidare læring. Slik læring og utvikling skjer aller best i sosiale og naturlege situasjonar og samanhengar. Dersom barn har vanskar med å delta aktivt i samspel og aktivitetar med barn og vaksne, kan språkutviklinga bli hemma. Barn kan og få vanskar med åtferd og sosial fungering på grunn av språkvanskar. Det er ikkje alltid lett å finna årsaka. Det er derfor viktig med systematisk observasjon og kartlegging av fleire funksjonsområde når barn sine språklege ferdigheiter og eventuelle vanskar skal vurderast. Både forskning og erfaring har vist at gode språklege ferdigheiter, er ein stor fordel når lesing og skriving skal lærast. Ved skulestart er det viktig å ha best mogleg kjennskap til kvart enkelt barn sine språklege ferdigheiter og eventuelle vanskar, slik at ein kan ta omsyn til dette i undervisninga og ved vurdering av kva barnet lærer og meistrar i begynneropplæringa.

Lese- og skrivelæring

Lesing og skriving er ferdigheiter som saman med talespråket utgjer dei viktigaste kommunikasjonsreiskapane for oss menneske. I motsetning til talespråket er likevel skriftspråket eit konstruert symbolspråk, som vi ikkje er fødd med naturlege evner for å læra. Dei fleste barn treng god og systematisk undervisning over tid før dei opplever at lesing og skriving er noko som er lett, og som dei har lyst til å halda på med. Dei må trenna flittig kvar einaste dag. Det er svært få som blir gode lesarar og skrivarar berre ved å lesa og skriva akkurat det dei må. Det er derfor viktig å motivera og oppmuntra barn til å lesa mykje i alle slag lesestoff. Det er positivt å



koma tidleg i gang med skriving. Barn bør og oppmuntrast til å spørja korleis ord blir skrivne. Vi ser ofte at god rettskriving er samanfallande med god lesedugleik, og at vedvarande rettskrivingsvanskar er samanfallande med lesevanskar.

Lese- og skriveutvikling

Det er mange forhold og faktorar som er avgjerande for ei positiv lese- og skriveutvikling. Blant anna er det viktig at lesing og skrivning blir innlært som språklege ferdigheiter, og ikkje bare som reint tekniske ferdigheiter. Det betyr at barn tidleg må få erfara at føremålet med å lesa er å forstå, og føremålet med å skriva er å formidla slik at andre forstår. Når forståinga blir aktivert i lese- og skriveprosessen, ser vi at sjølve lese- og skriveevna kan bli styrka.

Det er avgjerande for ei positiv leseutvikling at ordlesing som fører til ordgjenkjenning, blir meistra. Ein kan oppnå ordforståing/ordgjenkjenning anten ved 'å høyra' via omkodning til eit lydmønster kva bokstavmønsteret førestiller (fonologisk ordgjenkjenning), eller ved 'å sjå' via avkodning kva bokstavmønsteret førestiller (ortografisk ordgjenkjenning). Det er viktig å leggja til rette for læring av dei to måtane å lesa ord på så tidleg som mogleg. Barna vil då kunna 'velja' den måten å lesa på, som passar best i høve til om ordet/bokstavmønsteret er kjent eller ukjent. Vi registrerer likevel at dei fleste har ei utvikling frå logografisk, til fonologisk, til ortografisk ordlesing, med glidande overgangar. Det kan også vera tilfellet at det som vert vektlagt i leseopplæringa, medverkar til ein slik dominans i utviklinga.

Vurdering, kartlegging, vanskar og tiltak

I lese- og skriveundervisning er det mange læringsmål ein skal nå. Det blir forventa at barn oppnår eit visst dugleiksnivå på visse tidspunkt i opplæringa. Gode kunnskapar om språk, skriftspråk, lesing og skrivning er eit viktig grunnlag å ha når barn si læring og utvikling skal vurderast. Mykje god og nyttig informasjon om meistring og vanskar får ein ved jamleg å lytta til barna si leseåtfærd i lesing av ukjent tekst, og ved å analysa skriveprodukt deira. Som ein hovudregel kan ein seia at dei fleste normalfungerande barn etter tre års undervisning bør ha oppnådd eit lese- og skrivenivå som blir kjenneteikna av: (1) Lett, uanstrengt og korrekt ordlesing og ordgjenkjenning, (2) flytande tekstlesing med forventa leseforståing, (3) at eigne skriveprodukt viser at fonologisk

ordskrivning meistrast, (4) at ortografisk ordlæring for uregelrette ord er i gang, (5) at skrifta kan lesast, (6) at det dei skriv er formidla slik at det blir forstått, og (6) at dei er glade og aktive lesarar og skrivarar. Viss desse kriteria er oppfylte, kan vi som regel forventa at barna vil kunna nå nye læringsmål ved hjelp av god og allsidig lese- og skriveundervisning og aktiv og positiv eigeninnsats.

Lese- og skriveutviklinga bør kartleggast med standardiserte testar på bestemte tidspunkt i løpet av skulegangen. Dette vil avdekka funksjonsnivå, mangelfull læring og eventuelle vanskar som måtte førekomma. Generelt og ved vurdering av testresultat på leseprøver må vi også ta omsyn til barnet si fungering på andre funksjonsområde som har innverknad på læring og utvikling. Det vil vera spesielt viktig å få avklart barnet sine læreføresetnadar og om det finst språklege vanskar. Forhold rundt barnet sin motivasjon og treningsinnsats er viktig å få med, samt all aktuell informasjon som dei føresette



kan gi om barnet og forhold i familie og miljø. Dersom vanskar med lesing/skriving varer ved, er det aktuelt med tilvisning til PP-tenesta for å få gjennomført ei heilskapleg utgreiing og vurdering.

Skulebarn som strever med lese- og skrivelæring og har vanskar, bør til ei kvar tid få høve til å bli betre i lesing og skrivning ved hjelp av tilpassa undervisning og trening. Både forskning og erfaring har vist at intensive treningsperiodar så tidleg som mogleg gir best effekt. Jo tidlegare aktuelle tiltak kan tilretteleggast for å styrka ei utvikling og avhjelpa vanskar, dess større sjanse er det også for at ein klarar å forhindra uheldige konsekvensar og negative ringverknadar som vedvarande lese- og skriveproblem ofte fører med seg.

Emne i leseopplæringa

Arbeidet med plan for leseopplæring i Time har tatt utgangspunkt i rettleiingsmateriellet "Lesing er". Materiellet er utarbeida av Lesesenteret (2008) på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Der blir det påpeika kva emne ein plan for leseopplæring må omfatta. Desse emna tar utgangspunkt i at lesing er ein samansett aktivitet og skal vera ei grunnleggjande ferdigheit i alle fag. Emna må bli sett i samanheng med kompetansemåla i Kunnskapsløftet.

Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing

Barn og elevar har ulike haldningar til lesing, avhengig av den enkelte sine føresetnader og sosiale og kulturelle vilkår frå heimekulturen sin. Barnehage og skule må gje barn og elevar rike og aktuelle erfaringar med bøker og tekstar, m.a.o. å skapa kultur for lesing. Det handlar om å etablera vanar, og leggja til rette for varierte leseaktivitetar som fremjar gode lese- og meistringsopplevingar for alle. Høgtlesing, ulike lesestimuleringsprosjekt, rik tilgang til bøker og tekstar og ein engasjert lesande vaksen, kan vera gode tiltak for å skapa engasjement og ambisjonar for lesing. Bibliotek og foreldre er sentrale samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Lesing er å utvikla språklege ferdigheiter

Eit godt munnleg språk gjer at elevane har større sjanse for å forstå det språklege mangfaldet dei møter i ein tekst. Samtidig stimulerast det munnlege språket gjennom å lesa og skriva. Språkleg medvit, ordforråd og å fortelja med samanheng ser ut til å vera spesielt viktige faktorar for å utvikla god leseugleik. Det er derfor viktig å gje rikeleg med *erfaringar og opplevingar* for å

- utvida ordforrådet
- reflektera rundt språket si form, innhald og bruk
- få erfaringar med å lytta til andre og sjølv få erfaring med å fortelja.

Dette er viktige erfaringar gjennom heile skuletida, men særskild viktig er det å leggja eit godt grunnlag innan desse områda i førskulealder.

Lesing er å kunna koda om

For at skrivne ord skal gje meining, må elevane kunne koda om ordet sitt bokstavmønster til det ord/omgrep bokstavmønsteret førestiller/representerer. Det handlar om å 'knekkja' den alfabetiske koden, som vil seia å skjønna samanhengen mellom bokstavsymbol og språklyd. Så må dei også 'knekkja' sjølve lesekode, som vil seia å læra ulike måtar å lesa bokstavmønsteret på, slik at det skjer ei ordgjenkjenning. God og sikker ordlesing og ordgjenkjenning er viktig for både leseflyt og leseforståing.

For å lesa flytande er det viktig å automatisera omkodingsprosessane. Ein må både kunna meistra korleis eit ord skal uttalast og lesast, og vita kva som står der når ein ser ordet.

Etterkvart som elevane blir eldre og betre lesarar, handlar det 'å koda om' også om å lesa og forstå ulike sjangrar, å uttrykkja seg presist med eit variert og nyansert ordforråd, eller å tilpassa lesemane etter sjanger.

Å lesa med forståing og nytta denne kunnskapen i eiga læring

Elevane må læra å lesa slik at dei forstår kva dei les, og slik at dei skal kunne nytta kunnskapen dei får gjennom lesinga. Dei må difor lesa mykje og variert, på ulike måtar og med ulike føremål. Dei må læra å lesa kritisk og strategisk slik at dei raskt klarer å vurdere om - og på kva måte dei kan utnytte teksten dei les. Å lesa strategisk er å nytta bevisste framgangsmåtar for å oppnå betre læring. Ein læringsstrategi handlar om ein bestemt eller valt måte å lesa på i arbeidet med teksten. Det kan vera kjende strategiar, eller eleven sin eigen måte å arbeida med teksten på. Lesestrategiar handlar om å forstå; å planleggja og klargjera seg for lesing, å arbeida med, strukturera og omforma teksten og å kontrollera og reflektera over eiga forståing. Det handlar om å få innsikt i og kunna vurdere eiga lesing og læring.

Tilbod til minoritetsspråklege barn/elevar i Time kommune

Både i barnehagane og skulane i Time kommune er det fleire barn med ein annan bakgrunn enn norsk. Dette gjeld barn der foreldra kan vera flyktningar, innvandrarar eller at ein av foreldra har norsk ektefelle. Felles for fleire av barna er at dei kan lite eller ingenting norsk når dei startar i barnehagen eller skulen. Kommunen har vald å organisera tilbodet til desse barna på følgjande måte for å gje barna ein best muleg start på norskopplæringa:

Minoritetsspråklege barn i barnehage

Kommunen har tilbod til barn av foreldre som omfattast av introduksjonsordninga. Dette er eit 2-årig program for nykomne utlendingar med behov for grunnleggjande kvalifisering i norsk språk - og samfunnsliv. Mødrer med barn under 1 år får eit gruppetilbod på dagtid saman med barnet, i Brynelunden opne barnehage. Andre barn over 1 år, får tilbod om barnehageplass i ordinær barnehage. Det følgjer ressursar om det er fleire minoritetsspråklege barn i barnehagen. Dette for å tilrettelegga med språkgrupper og andre tiltak for å støtta barnet si språklege utvikling og norskopplæring

For å sikra kompetanseutvikling, er det laga nettverk med fokus på barn med anna morsmål enn norsk. Nettverket er sett saman av kontaktpersonar frå kvar barnehage med framandspråklege barn. Det blir og 2-3 fagdagar i året for tilsette, med tema retta mot arbeid med minoritetsspråklege barn og familiar.

Minoritetsspråklege elevar i grunnskule

Opplæringslova §2-8 seier: Elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Time kommune har frå august 2007 lagt den første, særskilde norskopplæringa til Time språkstasjon. Elevane skal til vanleg gå på Time språkstasjon i eitt år fram til dei har nok dugleik til å følgje ordinær undervisning. Det er som regel nok med eitt år, viss elevane kjem til kommunen i småskulealder. Er dei eldre når dei kjem, har fleire av dei behov for å gå lenger enn det eine året. Det tek tid å læra norsk. Det har og mykje å seia kva morsmål dei har. Nokre språk er veldig forskjellige frå norsk.

Frå hausten 2007 kom ny læreplan; "Grunnleggjande norsk for språklege minoritetar". Det er laga kartleggingsmaterieill i samband med læreplanen, for å avgjera kva nivå elevane er på. Kartleggingsmaterieillet skal gjera det enklare å avgjera når elevane har tilstrekkeleg kompetanse i norsk til å følgje opplæringa etter den ordinære læreplanen i norsk.

Time språkstasjon samarbeider nært med heimeskulane, for at elevane kan bli integrerte i klassane. Samarbeidet mellom Time språkstasjon og heimeskulane er svært avgjerande for kor godt ein greier å laga ei tilpassa opplæring for desse elevane. Elevane får og hjelp av ein tospråkleg lærar i den første norskopplæringa.

Vurdering

Det må vera kultur på kvar barnehage/skule om medvite og kritisk gjennomgang av mål, materiell og metodar, samt resultat etter vurdering av elevane sine ferdigheiter, til dømes nasjonale prøvar. Skulen og den enkelte lærar må setja i gang nødvendige tiltak etter det vurderinga viser.

I vurderingsarbeidet må det vera fokus på alle emna leseopplæringa omfattar;

- elevane sitt engasjement og ambisjonar for lesing
- elevane sine språklege ferdigheiter
- elevane sine ferdigheiter i å koda om
- korleis elevane forstår og nyttar ulike tekstar

Innan desse må vi vurdera både statiske og dynamiske mål. Statiske mål er faste og lette å kartleggja, og kan fastsetjast i høve til forventa meistring ut frå klassetrinn og alder. Dynamiske mål er mål som stadig endrar seg og handlar om prosessar som elevane går gjennom i løpet av skuletida.

Ulike testar og kartleggingsmateriell kan hjelpa oss å vurdera eleven sine ferdigheiter, og kan vera med å avdekkja om barnet/eleven har vanskar i språk-/leseutviklinga. Slike testar vurderer ofte konkrete ferdigheiter, til dømes om barna har lært alle bokstavane, om dei kan trekkja bokstavar saman til ord, finna fakta ut frå tekst og så vidare. Dette handlar om vurdering av statiske mål.

Testar og kartleggingsverktøy vurderer ikkje i like stor grad dynamiske mål, som til dømes eleven si evne til å reflektera, evna til å strukturera informasjon, og evna til å granska og tolka tekst eller det å lesa mellom linjene. Dette er prosessar som ikkje kan fastsetjast ut frå klassetrinn eller alder, men som utviklar seg og må aktiviserast gjennom heile skuletida. Læraren kan vurdera desse prosessane gjennom observasjon av korleis eleven les og arbeidar med tekstar i skulekvardagen. Mange lærarar nyttar læresamtale for å fremja eleven sin refleksjon om eiga læring og lesing.

Forslag til reflekterande spørsmål/

dynamiske mål kan vera:

- *Fortel om det du har lese.*
- *Kva visste du om dette temaet frå før?*
- *Kva nytt har du lært?*
- *Diskuter det de har lese.*
- *Er de samde med forfattaren?*
- *Skriv spørsmål frå teksten.*
- *Lag ei teikning over det du har lært.*



Verktøy for å vurdere språk-/og leseutviklinga, og oppdaga vanskar på eit tidleg tidspunkt

Følgjande materiell/verktøy blir i dag nytta i barnehagar og skular i Time kommune. Nokre er fastlagt på trinn og er obligatoriske, andre blir nytta ved behov, eventuelt i samarbeid med PPT.

Barnehage

TRAS

TRAS betyr Tidlig Registrering Av Språkutvikling. Materiellet er utvikla for bruk i barnehagar og består av observasjonsskjema og ei handbok. Målsettinga med materiellet har vore å auka kunnskapen om språkutviklinga hos barn, samt å vera ein reiskap for å fanga opp og hjelpe barn som strevar med språkutviklinga på eit tidleg tidspunkt. Med omsyn til lese- og skriveutvikling viser forskning at det kan vera viktig med god observasjon av grønt område i spurtfasen av barnet si språklege utvikling, ved 2-3 års alder.

Uttale/artikulasjon, ordforråd og setningsproduksjon har samanheng med seinare ferdigheiter i lesing. (Scarborough,-01)

Det er laga eit overføringsskjema frå barnehage til skule, der pedagogen noterer kva barnet har hatt behov for av ekstra stimulering - og på kva for område av språkutviklinga dette gjaldt. Sidan vanskar med lesing kan ha samanheng med sein språkutvikling/språkvanskar, kan dette vera viktig informasjon til læraren.

Alle Med

Alle Med er eit observasjonsmateriell som nyttast for å kartleggja den sosiale utviklinga til barnet. Via observasjon fyller ein ut eit skjema. Eit eige rettleiingshefte for utfylling følgjer med. Mange barnehagar nyttar dette materiellet i førekant av samtalar med foreldre.

Ringeriksmateriellet

Ringeriksmaterialet er eit hjelpemiddel for kartleggja førskulebarn sin språklege kunnskap og medvit. Noko av materiellet

kan brukast i leseinnlæringsfasen.

Materiellet er også eigna som idémateriell for trening av språkleg medvit i førskolealder.

Anna test/kartleggingsmateriell det forventast at barnehagane kan nytta;

- *SIT*
- *Kuno Beller*
- *Bo Ege I (kartlegging av ord/omgrep)*

Skulen

Obligatoriske kartleggingsprøvar i lesedugleik, Utdanningsdirektoratet

Det skal gjennomførast obligatoriske kartleggingsprøvar i lesedugleik på 1. og 2. trinn. Føremålet med ei slik kartlegging er å samla informasjon om eleven sine ferdigheiter i høve til kompetansemåla undervegs - og etter 2. trinn i LK06. Tolkning av resultat og konkrete forslag til oppfølging i klasserommet fins i rettleiingsmateriell og idehefte frå U-dir. Det fins kartleggingsprøvar i lesedugleik også for 3., 5., 7. og 9. trinn med rettleiingsmateriell og idehefte for vidare trening og tiltak.

Nasjonale prøvar,

Utdanningsdirektoratet

Nasjonale prøvar i lesing på norsk er ikkje prøvar i norskfaget, men prøvar i lesing som grunnleggjande dugleik i alle fag. Prøvane skal gje informasjon om ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla i læreplanane, og vera med i arbeidet med å betra kvaliteten på opplæringa.

Prøvane blir halde i byrjinga av 5. og 8. trinn, men tar utgangspunkt i kompetansemål i læreplanar for 4. og 7. trinn

LOGOS, Logometrica

LOGOS er ein PC-basert standardisert diagnostisk test som har basis i nyare leseforsking. Han er utvikla av professor Torleiv Høien, Logometrica. Time kommune har valt å nytta LOGOS på svake lesarar på 3 trinn i heile kommunen. Etter testinga vert det etter behov sett inn hjelp i ein intensiv periode – Lesetrimmen.

Testen vert nytta ved behov utover 3.klasse. LOGOS inneheld ei rekkje deltestar som kartleggjer ulike ferdigheitar knytt til lesing. På bakgrunn av testinga er det mogleg å stilla ein meir presis diagnose av lesevanskar.

Det er nå tilgjengeleg LOGOS for 2.klasse. Dette er screeningmateriell som kan gi indikasjonar på eventuelle lesevanskar hos eleven.

Ordkjedetesten, Logometrica

Ordkjedetesten er ein prøve som kartleggjar eleven sine ferdigheiter til å avkoda ord. Testen kan nyttast som gruppeprøve. Den er standardisert for elevar på trinn 3-10, samt for vidaregåande skule og vaksne. Testen er ein screeningsprøve, men han ”fangar opp” elevane som har vanskar med ordavkodning. Prøven er lett å bruka, og det tar bare ca. 10 minutt å gjennomføra heile testen.

Observasjonsprøvar i lesing og skriving, Carl Thomas Carlsten

Prøvene gir eit grovt bilde av grunnleggjande lese- og skriveferdigheiter, og er ei hjelp i vurderinga av kva elevar som treng støtte. Testen blir utført gruppevis/i klassen, og varer ca. 30 - 45 min.

Kartlegging av lesedugleik, Lesesenteret

Testen er eit hjelpemiddel for kartlegging av lesedugleik på ord-, setnings- og tekstnivå. Frå 6. klasse er det med ulike teksttypar som prosatekst, fagtekst og tabellar. Til testen høyrer eit idehefte som er laga med tanke på

elevar som har vanskar/treng spesiell støtte.

SOL

SOL står for Systematisk Observasjon av Lesing, og er eit system/verktøy for å sjå og følgje kvar elevane er i si leseutvikling. Verktøyet er eit godt utgangspunkt for å tilpassa undervisning og opplegg, og gir eit godt grunnlag for elev- og foreldresamtalar..

Materiellet er utarbeida i Gjesdal kommune. Opplæring i bruk av materiellet føregår ved at 2-3 lærarar frå skulen får opplæring av SOL- rettleiarar frå Gjesdal. Dei blir ressurspersonar ved eigen skule og får ansvar for opplæring av sine kollegaer.

Fagstab vil undersøka om skulane er interesserte i å gjera seg kjende med materiellet. og ta kontakt med Gjesdal kommune for eventuelt vidare opplæring.



*“Folk som er rastlause og ikkje har tålmodighet, kan slita med å lesa...”
Elev i Time*

Plan for vurdering og tiltak

Felles

- Alle elevane skal ha individuelle mål for leseutviklinga si. Kartlegging frå fjoråret og undervegsvurdering ligg til grunn.
- Elevar som har problem med lesing må raskt få tilpassing og ekstra øving.
- Tiltak må leggast til rette for elevar som scorar lågt på testar/prøvar, dersom svake resultat ikkje samsvarer med læreføresetnader og/eller treningsinnsats. Eit tiltak kan for eksempel vera intensivt lesekurs.
- Elevar som har sær gode resultat på testar/prøvar må få tilpassing og ekstra utfordringar.
- Det skal gjennomførast undervegsvurdering og læresamtale.
- Tilbakemelding på leseutvikling skal være tema i alle utviklingssamtalar med føresette.
- Det skal tas kontakt med PPT ved behov for meir grundig testing og utreiing av barnet/eleven dersom lese – og skrivevanskar varer ved.

1.- 4. trinn:

- Skulen skal få kartleggingsresultat frå barnehage der dette fins. TRAS/Overgangsskjema
- 1. trinn: Obligatorisk kartleggingsprøve i lesing om våren (frå og med våren 2009)
- 2. trinn: Obligatorisk nasjonal kartleggingsprøve i lesing om våren (frå og med 2008)
- 3. trinn: Ordkjedetest tre gonger i året.
- 3. trinn LOGOS – testing om hausten for elevar skulen er bekymra for.
- Lesetrimmen – intensivkurs om våren for dei som scorar lågt på LOGOS – test/svake lesarar.
- Obligatorisk kartleggingsprøve i lesing om våren (frå og med våren 2010)

5.-7. trinn:

- Ordkjedetest tre gonger i året.
- 5. trinn: Nasjonal prøve i lesing om våren.
- 6. trinn: Nasjonal kartleggingsprøve i lesing om hausten (frå og med 2010)

8. – 10. trinn:

- Ungdomstrinnet skal få kartleggingsresultat frå barnetrinnet
- 8. trinn: Nasjonal prøve i lesing om hausten.
- Ordkjedetesten.
- Observasjonsprøve i lesing og skriving.
- Elevane testast to gonger kvart år, før utviklingssamtalane
- Kartleggingsmateriell, norsk. Læringscenteret



Ressursar i leseopplæringa

Å styrka leseopplæringa er eit felles mål for heile kommunen. Det er viktig å ta høgde for fleire faktorar som påverkar ei slik satsing. Time kommune har valt å utarbeida ein felles plan for leseopplæringa. Oppfølginga av planen må skje gjennom eit samarbeid mellom involverte aktørar, og det må vera eit bevisst val av materiell og metodar i barnehage og skule. Kva metodar og korleis dei tilsette i skule og barnehage konkret vil/kan følgje opp arbeidet, kjem fram i del 2 i planen

Dei tilsette i barnehage og skule som ressurs i leseopplæringa

Pedagogane/lærarane er den viktigaste ressursen innan lese- og skriveførebuande aktivitetar i barnehagen, og innan lese- og skriveopplæring i skulen.

Barnehage og skule må syta for å ha den kompetansen det er behov for, og at denne kompetansen er oppdatert. Hovudkompetansen ligg i utdanninga til pedagogen/læraren. Det er viktig at dei er oppdaterte på ny forskning, nye metodar, og liknande. Ulike typar kurs, etter- og vidareutdanning er nødvendige tiltak i forhold til dette. Barnehage/skule må kartleggja kva kompetanse dei tilsette har, og saman med fagstab oppvekst leggja til rette for kompetansehevande tiltak.

Forventa kompetanse i barnehagane

- Generell språkutvikling og vanskar som kan oppstå
- Bruk av TRAS
- Bruk av digitale verktøy
- Overgang mellom barnehage og skule
- Kjennskap til ulike testar og kartleggingsverktøy
- Generell observasjonskompetanse

Forventa kompetanse i skulen

- Lese- og skriveutvikling
- Begynnaropplæring – ulike strategiar
- Leseopplæring generelt – ulike strategiar
- Den andre leseopplæringa
- Kjennskap til vanskar som kan oppstå hos eleven, og moglege årsaker til desse
- Kjennskap til ulike testar og kartleggingsverktøy
- Generell observasjonskompetanse
- Bruk av digitale verktøy og andre hjelpemiddel i leseopplæring/tiltak

I tillegg er det viktig at barn og elevar møter vaksne som er inspirerende og som viser at dei har glede og nytte av å lesa og skriva i kvardagen.

*Du lærer å sjå ting frå ei anna side
når du les om ein person
som er ulik deg sjølv..."*

Elev i Time

Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT) som ressurs i leseopplæringa

Nokre barn/elevlar har behov for meir grundig testing/utredning ved PPT. PPT gir deretter råd til barnehage, skule og føresette om tiltak som kan hjelpa barnet/eleven vidare i si læring og utvikling. PPT kan i enkelte høve tilby direkte oppfølging.

PPT har faste besøksdagar ved barnehagar og skular for å samtale om aktuelle problemstillingar og saker. PPT deltek i ressursteama ved barnehagane/skulane, og kan på eit tidleg tidspunkt gje generell rettleiing om tiltak som barnehagen/skulen kan gjera, samt koma med synspunkt og vurderingar om det er aktuelt/behov for tilvisning til PPT. Foreldra kan også vera med på desse møta.

Tilvising av barn til PPT frå barnehage/skole skal skje i samarbeid med føresette. Det skal nyttas eit tilvisningsskjema som ligg på kommunens nettsider. Ved tilvising til PPT skal barnehagen/skulen ha gjort eit grundig forarbeid med å kartlegge kva det er barnet/eleven strevar med, og med å vurdere effekten av tiltak som er gjort allereie. Ein pedagogisk rapport med slik og anna aktuell informasjon skal leggst ved tilvisinga. Malen for pedagogisk rapport ligg også på nettet

Foreldra som ressurs i leseopplæringa

Foreldra si haldning til lesing har mykje å seia for barnet si leseutvikling og leseglede. Foreldra kan vera ein ressurs i leseopplæringa. Då er det viktig at barnehagen/skulen er bevisste på å gi informasjon om kva som stimulerer språk-/og leseutviklinga. Dei må vera konkrete på kva foreldra kan delta med, og informera foreldra jamleg om utviklinga til barnet deira. Det er viktig å gi foreldra konstruktiv tilbakemelding for innsatsen deira. Det er alltid godt å få stadfesta at det ein gjer er viktig.

Foreldra er i ein sær god posisjon når det gjeld å oppdaga om barnet deira har vanskar med munnleg språk/formuleringsevne, lesing/leseforståing eller skrivning. Den kunnskapen foreldra har om språk-/leseutviklinga til eige barn, må koma fram i samtalar med det pedagogiske personalet/læraren. Bekymringsmeldingar må bli tatt alvorleg. Språk-/og lesevanskar kan vera arveleg. Det kan difor vera nyttig å få informasjon frå foreldra om dette gjeld deira familie.

Samstundes må ein ta omsyn til at føresette har ulike føresetnader for å hjelpa og støtta dersom barnet deira strevar med lese- og skrivelæring og vanskar vedvarer.

Tips å gi til foreldre med barn i barnehage

- Snakk om alt og ingenting, set ord på kvardagen!
- Les mykje for barnet
- Ver ein god lesemodell – vis at det er viktig og nyttig å lesa
- Vera rask med å ta opp eventuelle tankar/spørsmål/bekymringar om barnet si språkutvikling med dei tilsette i barnehagen

Tips å gi til foreldre med barn på 1.-10. trinn

- Les saman med, og gjerne høgt for barnet/ungdommen. For dei minste barna bør ein lesa for dei kvar dag. Barn som kan lesa treng og å bli lest for.
- Syt for å ha tilgang på mange bøker, og etterkvart avis heime, og å fornya bøkene
- Ikkje vent til barnet/ungdommen har lese alle bøkene før ein skaffar nye
- Oppmuntra til aktiv bruk av skulebibliotek/bibliotek
- Les sjølv, og vis at du kosar deg med bøker
- Snakk positivt om eiga leseglede.
- Diskuter bøker, og bry deg om kva bøker ungdommen les (Ikkje for kontrollen, men for gleda med å diskutera bøker.)
- Lag stunder i ein travel kvardag der det er rom for lesing. Oppmuntra til å lesa på senga. Ha økter utan fjernsyn/data som skal brukast til lesing.

Biblioteket som ressurs i leseopplæringa

Biblioteket er ein ressurs for barnehagar og skular i språk- og leseopplæringa. Time bibliotek har særleg fokus på barn og unge, og har tilbod om fylgjande tenester for lesestimulering:

Barnehagar

- Lesestund i biblioteket. (Må bestillast på førehand av den einskilde barnehage.)
- Presentasjon av bøker for førskulebarn på foreldremøte. (Etter førespurnad eller invitasjon frå den einskilde barnehage.)
- Bokkassar med bøker om ulike tema, eller for generell lesing i barnehagane.
- Utval av bøker til heimlån i barnehagane

Grunnskulen

- 1. og 3. trinn: Elevane besøkjer biblioteket. Møte med boka og biblioteket. Enkel opplesing. Elevane får lånekort.
- 5. trinn: Elevane besøkjer biblioteket på Bryne. Om skilnaden på fagbøker og skjønnlitteratur. Korleis ein kan bruka biblioteket. Årlege forfattarbesøk for alle elevane på 5. trinn på den einskilde skule.
- 8. trinn: Tilbod om opplæring i Dewey-systemet og internettbruk. Time bibliotek minner om dette ved haustsamlinga til skulebibliotekarane.
- 9. trinn: Forfattarbesøk for alle elevane på 9. trinn på den einskilde skule.



NB! Når det gjeld årlege forfattarbesøk i 5. og 9. trinn, vert dette organisert av biblioteket, mens den einskilde skulen dekkjer utgiftene til forfattaren (honorar, reise og opphald).

Alle klassar kan tinga tid for besøk i biblioteket utanom dei faste tilboda.

Møte for alle skulebibliotekarane

To årlege møte mellom skulebibliotekarane og biblioteket:

- Presentasjon av nyare litteratur for barn og unge (presentert av bibliotekaren)
- Planlegging av forfattarbesøk
- Forum for drøfting av faglege spørsmål og utveksling av erfaring skulebibliotekarane imellom.

Informasjon og formidling:

Skular og barnehagar kan ta kontakt for følgjande tenester:

- Presentasjon av nyare og tidlegare skjønn- og faglitteratur for barn og unge på foreldremøte og lærarsamlingar.
- Informasjon om diverse bibliotektenester.
- Bokkassar med bøker om ulike tema, eller for generell lesing i skulen.
- Kontinuerleg dialog for å styrkja samarbeidet mellom biblioteket og grunnskulen.

Språkstasjonen

Biblioteket har ønskje om å byggja opp eit godt tilbod for framandspråklege innbyggjarar i kommunen, og særleg deltakarane ved Språkstasjonen i Time. I dag har vi desse tilboda:

- Depotlån av framandspråklege bøker
- Språkkurs i norskopplæring for framandspråklege.
- PC-tilbod for publikum med tilgang til fleirspråkleg database i Deichmanske bibliotek
- Bokkassar med bøker om ulike tema til bruk på Språkstasjonen.

Biblioteket samarbeider med Flyktningtenesta og Språkstasjonen, men ønskjer å etablere eit tettare samarbeid i tida framover, og opptrapping av tilbodet frå biblioteket.

Helsestasjonen som ressurs i leseopplæringa

Mål:

- Etablere god kontakt med familien og underbyggja foreldrekompetanse.
- Formidla kunnskap om kva faktorar rundt barnet som er viktige for å fremja ei god språkutvikling, og dermed leggja grunnlaget for ei god leseutvikling.
- Så tidlig som mogleg avdekkja eventuelle skader, sjukdom eller andre tilhøve som kan hindra barnet i å få ei god leseutvikling.

Personalet skal:

- Formidla råd og rettleiing
- Foreta helsekonsultasjon
- Ny konsultasjon dersom tvil om språkutvikling, syn eller hørsel.
- Visa barnet vidare til andre instansar/samarbeidspartnarar dersom det er tvil om barnet si utvikling.

Innhald:

0-1 år

Informasjonsark ” Har barnet ditt normalt syn?” og ” Kan barnet ditt høyra?”

Jamleg kontroll av språk, syn og hørsel.

Utdeling av aktuelle brosjyrar som kan stimulera foreldra til å lese for barna sine.

1-2 år

Psykososial utvikling blir undersøkt. Om barnet bruker enkelte ord, forstår fleire. Om barnet forstår enkle meldingar. Dei første toordkombinasjonar viser seg vanlegvis ved 18-20 månader.

Utdeling av aktuelle brosjyrar som kan stimulera foreldra til å lese for barna sine.

2 år

SATS (screening av toåringar sitt språk) blir brukt målretta på dette alderstrinnet, og er ein systematisk observasjonsmetode med eit appellerande materiell og ein enkel framgangsmåte. Språkobservasjonen vert utført av helsesøster og skal gi grunnlag for ei fagleg vurdering av om barnet er i ein normal språkutvikling, eller om det er behov for ei ny vurdering eller særlege undersøkingar.

Barnet si språkforståing er sær s viktig. Det typiske utviklingsmønsteret er at språkforståinga kjem før talespråket. Mange toåringar har treordkombinasjonar, men variasjonane er store.

Utdeling av aktuelle brosjyrar som kan stimulera foreldra til å lesa for barna sine.

4 år

”Språk 4” blir brukt til kartlegging av språket. Det er ein systematisk språkobservasjon berekna for bruk ved 4 års konsultasjonen, som skal gi grunnlag for ei fagleg vurdering av barnet si språkutvikling.

Om 4- åringen viser vanleg evne til å ta kontakt, fører ein liten samtale, kjenner namnet sitt og veit alderen osb.

Synsundersøking.

Hørselstest dersom det er tvil om språkutvikling, nedsett hørsel og/eller konsentrasjons-/åtfersvanskar.

Utdeling av aktuelle brosjyrar som kan stimulera foreldra til å lesa for barna sine.

5 år

Kontroll av konsentrasjon, aktivitet, utvikling og leikebehov.

Om barnet viser vanleg kontakt, kan føra ein samtale og snakka flytande og feilfritt.

I løpet av det 5. leveåret lærer dei fleste barn rett uttale, som vil seia at alle språklydar og språkklydkombinasjonar er på plass.

Utdeling av aktuelle brosjyrar som kan stimulera foreldra til å lesa for barna sine.

Hørselstest.

Førebuaende leseopplæring i barnehagane

Mål: Barn som har utvikla eit rikt og variert talespråk, som skapar "språkglede".

Emne	Innhald i barnehagen som skal fremja målet
<p>Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagane har system for lesing, arbeid og samtale om bøker for alle barn. • Dei vaksne viser forteljar- og leseglede. • Dei vaksne byggjer opp forventningar og motivasjon hos barna om å læra å lesa og skriva. • Barnehagane har bøker som er tilrettelagt barna sin alder og modning. • Det må vera god tilgang på kvalitetsbøker i ulike sjangrar og på begge målformer. • Barnehagane bruker digitale verktyø aktivt. • Alle barnehagane bruker folkebiblioteket aktivt.
<p>Å utvikla språkleg dugleik</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagane bruker "smågrupper" fast i arbeid med språk. • Dei vaksne har eit aktivt språkleg samspel med barna på alle dei ulike arenaene gjennom dagen (aktivitet, fysisk miljø, smågrupper, materiell, m.m.) • Utvikla barna sitt ordforråd og omgrepsapparat gjennom allsidige erfaringar og opplevingar. • Styrkja barna si eiga forteljarglede for å trena på å fortelja med samanheng • Styrkja barna sitt språklege medvit gjennom rim og regle, leik med ord og bokstavar, samtala om språket. • Dei vaksne er bevisste språkmodellar for barna. • Dei vaksne tilpassar språket sitt til barna.
<p>Å kunna koda om</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barna har rik tilgang på ordbilde og bokstavar (namn, rom, aktivitet, utstyr, m.m.). • Bruk "konkretar" ved formidling. • Arbeid med bokstavlydar og gjenkjenning av bokstavar og ord gjennom leik. • Gjera barna kjent med kjenneteikn på eventyr, rim og regler, dikt, forteljingar m.m.
<p>Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skrivning</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka visuell støtte (dramatisering, konkretar, bilde, m.m.) • Førebua barna på tekstar som skal lesast og arbeid med dei i etterkant gjennom samtale, teikning, dramatisering m.m. • Leite etter eigne bokstavar i tekstar (førebuaende lesestrategi) • Ha tilgang på digitale verktyø. • Læring gjennom ulike læringsstrategiar.

Førebuaende leseopplæring i barnehagane

Vurdering

- *Tras* (haust og vår) for alle barn frå dei er 2 år.
- *Alle med* for barn 0-3 år
- *SIT, Kuno Belle, Bo Ege* og anna kartleggingsmateriell ved behov
- Vera særskilt obs på hørsel ved 2-3 års alder
- Obs spurtfasen av barna si språkutvikling, ved 2-3 års alder
- Vera særskilt obs på syn 4-5 års alder

Tiltak/aktivitetar

- Utviklingsplan for alle barn.
- Alle barna har individuelle mål, med særskilt fokus på språkutviklinga
- Koma raskt i gang med tiltak for ekstra erfaringar/stimulering for barn med sein språkutvikling

Samarbeid med foreldre:

- Informasjon om *Tras* på foreldremøte og heimesida..
- Gi foreldra kjennskap til, og orientering om kva rammeplanen seier om *basiskompetanse*.
- Samtala om korleis barnehagen/foreldra kan arbeida med å støtta barnet si språkutvikling.
- Gi foreldra støtte og hjelp til å utvikla barnet sitt språk.
- Gi foreldra tips til førebuaende lese- og skriveaktivitetar
- Gi foreldra med anna morsmål enn norsk, innsikt i korleis opplegget i barnehagen er.
- Foreldresamtale to gonger i året, der språkutvikling og språkstimulering er tema, og der ein lagar utviklingsplan med mål for språkutviklinga.
- Invitera leseleder frå UIS til eit foreldremøte.



Leseopplæring på 1.trinn

Mål: Barn som gler seg over å bli lest for, og barn som gler seg over å begynna å lesa sjølv. Alle elevane skal knekkja lesekode i løpet av skuleåret.

Emne	Innhald i undervisninga som skal fremja måla
Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk leseopplæring • Skap forventning til tekstar • Høgtlesing for elevane kvar dag • "Klassebibliotek" der elevane kan låna bøker og "lesa" bøker sjølv • Utstyr til "lese og skriveleik" er lett tilgjengeleg, også på SFO • Læraren er ein levande lesemodell • Etter kvart nyttar ein systematisk småbøker tilpassa nivået til eleven
Å utvikla språkleg dugleik	<ul style="list-style-type: none"> • Ein nyttar systematiske oppbygde leseark/lesebøker • Samtale om tekstar elevane lesar. • Elevane må ha leseleksar kvar dag som ein del av den systematiske leseopplæringa • Lærar høyrer leseleksene regelmessig og ofte, helst fleire gonger i veka. • Bruk av tekstskaping • Språkleikar som omfattar: rim, rytme, språklydar, ord og meiningsberande element • Elevane øver seg på å fortelja og forklara med samanheng for å styrkja det munnlege språket.
Å kunna koda om	<ul style="list-style-type: none"> • Leseopplæringa skal byggja på ulike metodar, ein må vektlegga syntese metode og analytisk metode • Elevane arbeider med å forstå samanhengen mellom bokstav og språklyd • Bokstavkunnskapen skal automatiserast hos alle elevane • Gjera elevane kjent med enkel teiknsetting • Gjera elevane kjent med kjenneteikn på eventyr, rim og regler, dikt og forteljingar m.m. • Bruka konkretar ved formidling
Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skriving	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka visuell støtte (dramatisering, konkretar, bilde, m.m.). • Det blir brukt oppgåver som utviklar leseforståinga. • Nyttar leseprogram på nettet med øving i leseforståing • Samtala om innhaldet i tekstane ein har lese • Bruk av tekstskaping både i gruppe og individuelt. I tekstskaping arbeider ein innan ulike sjangrar. • Nyttar ulike læringsstrategiar: strukturert tankekart, VØL, læresamtalen

Leseopplæring på 1. trinn

Vurdering

- Leseutvikling vil bli vurdert ved bruk av kartleggingsprøver
- Obligatorisk kartleggingsprøve i lesing om våren (frå og med våren 2009).
- Undervegs vurdering, læresamtale

Tiltak/aktivitetar

- Alle elevane har individuelle mål for leseutviklinga si. Kartlegging frå barnehage ligg til grunn der dette fins, Tras, samt undervegs vurdering.
- Elevar som får problem med bokstavlæring og lese/skrive læring må få hjelp med ein gang dei fell av.
- Tiltak for elevar som scorar under kritisk grense på nasjonal kartleggingsprøve.

Samarbeid med foreldre:

- Tilbakemelding på leseutvikling er tema i utviklingssamtalar
- Invitere leseleder frå UiS til foreldremøte



Leseopplæring på 2.trinn

Mål: Barn som gler seg over å bli lest for, og som gler seg over å lesa sjølv. Alle elevane skal ha ei god systematisk leseutvikling gjennom heile skuleåret. Dei kan lesa på eit slikt nivå at lesing er ein nyttig reiskap.

Emne	Innhald i undervisninga som skal fremja måla
<p>Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk leseopplæring • Høgtlesing for elevane kvar dag • "Klassebibliotek" der elevane kan låna bøker og "lesa" bøker sjølv • Elevane finn regelmessig både skjønnlitteratur og fagbøker til eiga lesing/heimlån på skule - /biblioteket • Utstyr til "lese og skriveleik" er lett tilgjengeleg • Systematisk bruk av småbøker tilpassa nivået til eleven • Læraren er ein levande lesemodell og drivkraft
<p>Å utvikla språkleg dugleik</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Felles lesetekstar i grupper, der det blir øvd på korlesing og rekkjelesing og læring av omgrep. • Samtale om korleis ein nyttar ulik stemmebruk for å få fram bodskap i tekst. • Samtale om tekstar elevane lesar. • Elevane må ha leseleksar kvar dag som ein del av den systematiske leseopplæringa. • Lærar høyrer leseleksene regelmessig og ofte, helst fleire gonger i veka. • Systematisk bruk av tekstskaping. • Forlag som metode • Språkleikar som omfattar: rim, rytme, språklydar, ord og meiningsberande element • Elevane øver seg på å fortelja og forklara med samanheng
<p>Å kunna koda om</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Leseopplæringa skal framleis byggja på ulike metodar, ein må vektlegga syntese metode og analytisk metode. • Det blir arbeidd med stavingslesing, diftongar og lesing av lydar • Det blir arbeidd med leseflyt og leseforståing • Bruka repetert lesing for å fremma effektiv avkodning og leseflyt • Fokus på høgfrekvente ord for å styrke ortografisk ordgjenkjenning/ordskriving • Gjera elevane kjent med enkel teiknsetting • Gjera elevane kjent med kjenneteikn på eventyr, rim og regler, dikt og forteljingar m.m. • Bruka konkretar ved formidling.
<p>Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skriving</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av tekstskaping både i gruppe og individuelt. • I tekstskaping arbeider ein med ulike sjangrar. • Samtale om innhald i tekstane elevane har lese. • Det blir brukt oppgåver som utviklar leseforståinga. • I leksehøyring bruker ein ulike arbeidsmåtar: høgtlesing, parlesing, attforteljing(munnleg) av innhald, leselekseprøve der elevane får uttrykka tekstopplevingane sine med både skriving og teikning, samtale • Leseprogram på nettet med øving i leseforståing • Læringsstrategiar: Strukturert tankekart, VØL, læresamtalen

Leseopplæring på 2. trinn

Vurdering

- Leseutvikling vil bli vurdert ved bruk av kartleggingsprøver
- Obligatorisk nasjonal kartleggingsprøve i lesing om våren (frå og med 2008).
- Undervegsvurdering, læresamtale

Tiltak/aktiviteter

- Alle elevane har individuelle mål for leseutviklinga si. Kartlegging frå fjoråret og undervegsvurdering ligg til grunn.
- Elevar som har problem med lesing, må få tilpassing og ekstra øving så snart som råd.
- Tilbod om lesekurs til elevar som slit med lesing.
- Tiltak for elevar som scorar under kritisk grense på nasjonal kartleggingsprøve.
- Samtale med føresette om leseutviklinga.

Samarbeid med foreldre:

- Tilbakemelding på leseutvikling er tema i foreldresamtalar
- Invitere leseleder frå UiS til foreldremøte



Leseopplæring på 3.trinn

Mål: Barn som gler seg over å bli lest for, og som gler seg over å lesa sjølv. Alle elevane skal ha ei god systematisk leseutvikling gjennom heile skuleåret. Dei kan lesa på eit slikt nivå at lesing er ein nyttig reiskap i alle fag.

Emne	Innhald i undervisninga som skal fremja målet
<p>Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk leseopplæring. • Høgtlesing for elevane kvar dag • "Klassebibliotek" der elevane kan låna bøker og lesa bøker sjølv. • Elevane låner regelmessig bøker for heimlån på skulebiblioteket. • Elevane finna stoff til eiga skriving og lesing på skulebiblioteket. • Elevane deltek i lesestimuleringsprosjekt to gonger i året. Dei kan grunngje eige tekstval og opplevingar dei har hatt med å lesa t.d. barnelitteratur. • Systematisk bruk av småbøker og barnelitteratur tilpassa nivået til eleven. • Læraren er ein levande lesemodell og drivkraft • Utstyr til "lese og skriveleik" er lett tilgjengeleg på skule og SFO.
<p>Å utvikla språkleg dugleik</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk bruk av småbøker tilpassa nivået til eleven. • Felles lesetekstar frå lesebøker, der det blir øvd på korlesing og rekkjelesing og læring av omgrep. • Samtale om innhald i tekstane elevane les. • Elevane må ha leseleksar kvar dag som ein del av den systematiske leseopplæringa. • Lærar må høyra leseleksene regelmessig og ofte, fleire gonger i veka. • Systematisk bruk av tekstsaking. • Nytt "Bokforlag" som undervisningsmetode. • Språkleikar for å stimulera barna sitt språklege medvit • Nytt ulike nettstader med leseprogram, der elevane får leseøving. • Læringsstrategiar: Strukturert tankekart, VØL, læresamtalen
<p>Å kunna koda om</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Leseopplæringa skal framleis byggja på ulike metodar, ein må vektleggja syntese metode og analytisk metode. • Det blir arbeidd med stavingslesing, diftongar og lesing av bokstavlydar • Det blir arbeidd med leseflyt og leseforståing • Bruka repetert lesing for å fremma effektiv avkodning og leseflyt • Fokus på høgfrekvente ord for å styrka ortografisk gjenkjenning/ordskriving • Gjera elevane kjent med enkel teiknsetting • Gjera elevane kjent med sjangerkjenneteikn på eventyr, rim og regler, dikt og forteljingar m.m. • Bruka konkret ved formidling.
<p>Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skriving</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk bruk av tekstsaking både i gruppe og individuelt. • I tekstsaking arbeider ein med ulike sjangrar. • Det blir brukt oppgåver som utviklar leseforståinga. • Leseprogram på nettet med øving i leseforståing • Samtale om innhald i tekstane elevane har lese. • I leksehøyning bruker ein ulike arbeidsmåtar: høgtlesing, parlesing, leseleksprøve der elevane får uttrykka tekstopplevingane sine med både skriving og teikning, samtale • Læringsstrategiar: Strukturert tankekart, VØL, læresamtalen

Leseopplæring på 3.trinn

Vurdering

- Nasjonal kartleggingsprøve i lesing våren i 3. klasse.
- Kartleggingsprøver tre ganger i året
- Logostesting hausten 3. klasse

Tiltak/aktivitetar

- Elevane har individuelle mål for leseutviklinga si, og måloppnåinga blir drøfta jamleg med elevar og føresette.
- Lesetrimmen – lesekurs våren i 3. klasse
- Elevar som har problem med lesing, må få tilpassing og ekstra øving så snart som problemet er avdekka.
- Tilbod om lesekurs til elevar som slit med lesing.
- Tiltak for elevar som scorar under kritisk grense på nasjonal kartleggingsprøve i 2. klasse, seinast om hausten i 3. klasse.
- Læresamtale

Samarbeid med foreldre

- Tilbakemelding på leseutvikling er tema i alle utviklingssamtalar
- Invitera leseleder frå UIS til foreldremøte



Leseopplæring på 4.trinn

Mål: Barn som gler seg over å bli lest for, og som gler seg over å lesa sjølv. Halda fram med å utvikla gode lesemåtar for å styrka leseflyt og innhaldsforståing. Alle elevane skal ha ei god systematisk leseutvikling gjennom heile skuleåret.

Emne	Innhald i undervisninga som skal fremja målet
<p>Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk leseopplæring. • Høgtlesing for elevane kvar dag • ”Klassebibliotek” der elevane kan låna bøker og” lesa” bøker sjølv. • Elevane låner regelmessig bøker for heimlån på skulebiblioteket. • Elevane finn stoff til eiga skrivning og lesing på skulebiblioteket og internett. • Elevane deltek i lesestimuleringsprosjekt to gonger i året. Dei kan grunngje eige tekstval og opplevingar dei har hatt med å lesa t.d. barnelitteratur. • Systematisk bruk av småbøker og barnelitteratur tilpassa nivået til eleven. • Læraren er ein levande lesemodell og drivkraft. • Utstyr til ”lese og skriveleik” er lett tilgjengeleg på skule og SFO.
<p>Å utvikla språkleg dugleik</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk bruk av småbøker tilpassa nivået til eleven. • Felles lesetekstar frå lesebøker, der det blir øvd på korlesing og rekkjelesing og læring av omgrep. • Samtale om innhald i tekstane elevane har lese. • Samtale om korleis ein nyttar ulike lesemåtar for å få fram bodskap i tekst. • Elevane må ha leseleksar kvar dag som ein del av den systematiske leseopplæringa. • Lærar må høyra leseleksene regelmessig og ofte, fleire gonger i veka. • Systematisk bruk av tekstskaping. • Nyttar ”Bokforlag” som undervisningsmetode. • Språkleikar • Nyttar ulike nettstader med leseprogram, der elevane får leseøving. • Elevane trenar på å fortelja og forklara med samanheng • Læringsstrategiar: Styrkenotat, to-kolonne, læresamtalen
<p>Å kunna koda om</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Leseopplæringa skal framleis byggja på ulike metodar, ein må vektleggja syntese metode og analytisk metode. • Det blir arbeidd med stavingslesing, diftongar og lesing av lydar • Det blir arbeidd med leseflyt og leseforståing • Bruka repetert lesing for å fremma effektiv avkodning og leseflyt • Fokus på høgfrekvente ord for å styrka ortografisk gjenkjenning/ordskriving • Gjera elevane kjent med sjangerkjenneteikn på eventyr, rim og regler, dikt og forteljingar m.m. • Gjera elevane kjent med enkel teiknsetting • Det blir arbeidd med stavingslesing, diftongar og lesing av bokstavlydar • Bruka konkret ved formidling.
<p>Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skrivning</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk bruk av tekstskaping både i gruppe og individuelt. • I tekstskaping arbeider ein med ulike sjangrar. • Samtale om innhald i tekstane elevane har lese. • Det blir systematisk brukt oppgåver som utviklar leseforståinga. • Leseprogram på nettet med øving i leseforståing • Elevane framfører tekstar dei har skrive sjølv. • I leksehøyering bruker ein ulike arbeidsmåtar: høgtlesing, parlesing, attforteljing(munnleg) av innhald, leselekseprøve der elevane får uttrykka tekstopplevingane sine med både skrivning og teikning, samtale • Læringsstrategiar: Styrkenotat, to-kolonne, læresamtalen

Leseopplæring på 4. trinn

Vurdering

- Kartleggingsprøver tre ganger i året

Tiltak/aktiviteter

- Alle elevane har individuelle mål for leseutviklinga si, og måloppnåinga blir drøfta jamleg med elevar og føresette.
- Elevar som strevar med lesing må få kyndig og systematisk hjelp
- Tiltak for elevar som scorar under kritisk grense på nasjonal kartleggingsprøve i 3. klasse om hausten i 4. klasse seinast.
- Læresamtale

Samarbeid med foreldre:

- Tilbakemelding på leseutvikling er tema i alle utviklingssamtalar.
- Invitera leseleder frå UIS til foreldremøte



Leseopplæring på 5.-7. trinn

Mål: Barn som gler seg over å bli lest for, som gler seg over å lesa sjølv og lesa høgt for andre. Barn som har utvikla god leseforståing.

Emne	Innhald i undervisninga som skal fremja måla
<p>Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Gje elevane tilgang til gode og varierte tekstar: Lydbøker, letlestbøker, lesehefte, bøker frå biblioteket. Bruke aviser, bøker, nett, blad, teikneseriar, • Motivera for varierte lese og skriva aktivitetar: Lage tekstar med bilete, lage avis, skriva eigne tekstar, skriva/lesa sakprosatetekstar. • Ta utgangspunkt i elevane sin lese og skrivekultur knyta til den digitale teknologien: Chatting, blogging, ulike typar dataspel, film og TV. • Skapa kultur for lesing: Læraren er ein levande modell og drivkraft for elevane, jamne drypp med lesestimulering, å finna rett tekst til rett elev, setja av god tid på skulen til lesing, høgtlesing, sjølvstendig lesing, lesesiesta.
<p>Å utvikla språkleg dugleik</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Læra å forstå språket både form og innhald: Elevane skal kunna bruka ulike sjangrar. • Læraren må gje elevane leserettleiing på ulike nivå i teksten. Rettleiinga vil vera avhengig av eleven, trinn, opplæringsmål og den einskilde teksten som skal lesast. • Styrkja elevane sine kommunikative ferdigheiter, bruka språket i ein sosial kontekst: Gje elevane ulike sendar og mottakarrollar: Rollespel, paneldebatt, eit politisk innlegg. • Utvikla elevane sitt munnlege språk: Elevane fortel frå bøker dei har lese, filmar dei har sett, kunna greie ut om faglege emne, samanhengande forteljingar frå kvardagen. • Utvikla elevane sitt ordforråd: Læra elevane skilnad på fagspråk og kvardagsspråk, bruken av språket i ulike samanhenger. Læra elevane enkle forteljarteknikkar • Læra elevane at språk er ein viktig del av vår identitet: Språket vårt fortel kven vi er og korleis vi blir oppfatta.
<p>Å kunna koda om</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Læra elevane å forstå orda dei les og korleis dei skal uttalast. Kunna skjønna kva for ein sjanger ein les. • Læra elevane å lesa ulike tekstar slik at dei kan kopla om bare ved å sjå på teksten. Kunna lesa tekstar som er samansette av tekst, lyd, bilete og film. • Læra elevane korleis dei kan lesa ein tekst når det gjeld sjanger, overskrifter og avsnitt. Vita korleis dei skal kunna lesa ukjende ord og dela dei opp i rette stavingar. • Elevane må kunna koda om og skjønna korleis heile setningar skal lesast. Teiknsetjinga seier og noko om korleis elevane skal bruke stemmen når dei les. • Elevane må læra digitale kodar. Dei må ha basiskunnskap om digital tekstbehandling og om søkeapparat og søketeknikkar på internett.
<p>Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skrivning</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Læra elevane å vera aktive før, under og etter lesing. Nyttja ulike læringsstrategiar, t.d. VØL-skjema, Venn-diagram, Styrkenotat. • Læra elevane å ta i bruk ulike lesestrategiar. • Læra elevane å lesa kritisk og strategisk slik at dei klarer å vurdera korleis dei skal utnytte teksten dei les. • Læra elevane å bruka tekstane på skjermen til informasjonssøk, og til å avgrensa søket på internett så presist som mogleg. Læra elevane å vera kritisk til den informasjonen dei finn på nettet. • Læra elevane kombinatorisk kompetanse, - å kunna omstilla seg raskt og smidig frå eit tekstsystem til eit anna, til dømes film.

Leseopplæring på 5.-7. trinn

Vurdering


- Leseutvikling vil bli vurdert ved bruk av kartleggingsprøver
- Ordkjedetest tre ganger i året
- 5. trinn: Nasjonal prøve i lesing om våren.
- 7. trinn: Nasjonal kartleggingsprøve i lesing om hausten (frå og med 2010)
- Undervegsvurdering, læresamtale

Tiltak/aktivitetar

- Alle elevane har individuelle mål for leseutviklinga si. Kartlegging frå fjoråret og undervegsvurdering ligg til grunn.
- Elevar som strevar med lesing må få kyndig og systematisk hjelp.
- Tiltak for elevar som scorar under kritisk grense på nasjonal prøve/kartleggingsprøve.
- Elevar som scorar særst godt på kartleggingsprøver må få tilpassing og ekstra utfordringar.
- Lesekurs ved behov
- Samtale med føresette om leseutviklinga.

Samarbeid med foreldre:

- Tilbakemelding på leseutvikling er tema i alle utviklingssamtalar
- Invitere leseleder frå UiS til foreldremøte



Leseopplæring på 8.-10. trinn

Mål: Ungdom som er glad i å lesa, som ser nytten av å kunna lesa, som har strategiar til å lesa ulike typar tekstar og som heile tida utviklar seg som lesarar.

Emne	Innhald i undervisninga som skal fremja måla
<p>Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Leseprosjekt på alle trinn. • Fokus på fagtekstar og samansette tekstar og korleis desse kan brukast til innlæring av ny kunnskap (8.trinn). • Gje tid til samanhengande lesing i skuletida, lesa, skriva, undra seg, samtala, reflektera • Presentera tekstar og bøker for kvarandre • Utvikla skulebiblioteket kontinuerleg med nye bøker av ulik vanskegrad, lydbøker, fagbøker, spel, aviser, blad, internett, film • Ha rutinar for presentasjon av nye bøker • Ha fokus på lesing kvar veke, snakka om litteratur, kva les vi?, lærar, elev, gjester til skulen, ulike yrkesgrupper fortel om leseopplevingar/bøker • Forfattarbesøk, Den kulturelle skulesekken • Teaterbesøk • Film på skulen/kino • Førebudde besøk på biblioteket.
<p>Å utvikla språkleg dugleik</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bevisst og grundig arbeid med omgreps- og teikninnlæring i alle fag • Systematiske arbeid med lesing av tekstar ved metoden forlesingsfase – lesefase - etterlesefase i alle fag • Skriftleg og munnleg språkproduksjon i alle fag • Øve på å formidla/uttrykka eigne meiningar skriftleg og munnleg • Bevisstgjera elevane på deira eigen språkbruk munnleg og skriftleg i alle fag. Gi opplæring i, tilbakemelding på og diskuter språkferdigheitane til elevane når det gjeld form, innhald og bruk. • Laga ulike typar sluttprodukt der språk og samansette tekstar vekstleggast.
<p>Å kunna koda om</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utdjupa forståing av kjende ord og teikn. Utvida ord- og teikntilfang. • Fokus på setningsbygging og teiknsetting i formelle og uformelle tekstar. • Opplæring i tekststruktur og sjangerkunnskap, inkludert fagspesifikke sjangrar. Analyse av ulike typar faglege og skjønnlitterære tekstar. • Læra elevane at tekst i utvida tyding også kan inkludera ulike typar bilde, diagram, lyd, film, m.m. Læra elevane korleis ein 'les' dei ulike informasjonsgivande delane av samansette tekstar, og korleis desse heng saman. • Elevane må læra digitale kodar. Dei må ha basiskunnskap om digital tekstbehandling og om søkeapparat og søketeknikkar på internett. Dei må kunna bruka interaktive program. Dei må kunna velja veg gjennom tekstar ved å klikka på ulike typar lenkjer. • Elevane må læra nettvett og nettetikette ved lesing og skriving på nett.
<p>Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skriving</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bevisstgjera elevane om ulike tekstsjangrar, oppbygging, kjenneteikn, kva er viktig i teksten osv. • Læra elevane å vera aktive før, under og etter lesing • Arbeida vidare med ulike læringsstrategiar og leseteknikkar • Læra å bruka tekstar som modell i eiga skriving • Læra elevane ulike teknikkar/strategiar for effektiv informasjonshenting. Opplæring i strategiar for informasjonshenting og lesing på nett. Gi elevane kunnskap om kjeldekritikk og reglar om rettar/plagiat.

Leseopplæring på 8.-10. trinn

Vurdering


- 8. trinn: Nasjonal prøve i lesing om hausten
- Ordkjedetesten. Stiftelsen dysleksiforskning.
- Observasjonsprøve i lesing og skriving. Carl T. Carlsten
- Kartleggingsmateriell, norsk. Læringscenteret
- Undervegsvurdering, læresamtale med fokus på lesing

Tiltak/aktivitetar

- Alle elevane har individuelle mål for leseutviklinga si. Kartlegging frå fjoråret (8. trinn: barneskulen) og undervegsvurdering ligg til grunn.
- Elevar som har problem med lesing må få kyndig og systematisk hjelp.
- Lesekurs ved behov.
- Elevar som scorar særst godt på kartleggingsprøve må få tilpassing og ekstra utfordringar.
- Samtale med føresette om leseutviklinga.

Samarbeid med foreldre

- Tilbakemelding på leseutvikling er tema i alle utviklingsamtalar
- Invitere leseleder frå UiS til foreldremøte



**Fagstab oppvekst takkar alle som har vore med og gitt innspel til ny plan,
responsgruppa (lærarar under vidareutdanning innan norskfaget)
som har kome med synspunkt etter kvart som planen har tatt form,
samt arbeidsgruppa som har vore med å laga planen:**

Arbeidsgruppa:

Tordis Sandvik, Undheim skule
Margrethe Hauge, Lye skule
Helen Hellvik, Bryne skule
Møyfrid Stokka, Lye u.skule
Marit Petersen Oftedal, PPT
Alvhild Bø, Nyland barnehage
Monica Tjosevik Dybing, Maurtuå barnehage
Oddny Torvanger Heggen, Biblioteket
Kirsti Åkre Netland, Helsestasjonen

Frå fagstab

Monica Mannes

Marianne Høyekvam Grande

Vi oppmodar elles til å nytta rettleiingsmateriellet

”LESING ER”

frå Lesesenteret i Stavanger.

Materiellet omfattar hefter med generelle pedagogiske prinsipp
basert på nyare forskning om leseopplæring og leseutvikling,
samt ein ressursbase på nettsida www.lesesenteret.no

Bilete som er brukt i planen er godkjente av føresette.

Mai - 2009